


# Næringsstrategi for Jæren 2024-2030



Time kommune



Hå  
kommune



KLEPP KOMMUNE

## Innleiing

Jæren er det leiande landbruksområdet i Norge. Me har eitt av dei sterkeste industri- og teknologi-miljøa og er ein del av den leiande energiregionen i Europa. Samtidig møter næringslivet i dei tre jærkommunane dei same utfordringane. At me erkjenner dette gjev grunnlaget for ein felles næringsstrategi.

I arbeidet med næringsstrategien har lokalt næringsliv, forsking og aktørar i regionen elles peika på dei styrkane og konkurransefortrinna me har på Jæren. Dei same aktørane har fortalt om utfordringar dei står overfor og kome med innspel til kva dei ønsker at kommunane rettar ressursane sine mot. Me har også sett til næringsstrategiar i kommunane rundt oss, og Rogaland fylkeskommune sin strategi. Dette sikrar ei felles regional overbygning.

Næringsstrategien legg grunnlaget for korleis kommunane skal støtta opp under vidareutviklinga for næringslivet på Jæren. Strategien skal ikkje seia kva næringslivet skal gjera, men gje ei retning til kommunane sitt bidrag til utviklinga av næringslivet.

Bidraget frå kommunane kan delast inn i tre ulike "roller" som er viktige for kommunen si evne til å styrka eksisterande og utvikla nye næringar. Rollene må fyllast for å lykkast med næringsstrategien:

### **Initiativtakar**

Kommunane skal vera pådrivarar for utviklingsprosjekt i samarbeid med næringslivet og ta ei aktiv rolle i å tiltrekka nye verksemder, kunnskap og kapital til Jæren.

### **Tilretteleggjar**

Kommunane skal yta gode tenester overfor næringslivet, og gjera det attraktivt for verksemder, gründerar og arbeidskraft å vera lokaliserete på Jæren.

### **Forvaltar**

Kommunane skal ivareta samfunnsmessige interesser i samsvar med offentlege lover, forskrifter og reglement.

Samla sett er målet at næringsstrategien skal bidra til å utvikla kommunar som er gode å bu og leva i, og samtidig vera attraktive for næring, arbeidstakrar og besøkande.

Me skal nå målet med å nytta den unike kompetansen me har til å skapa nye næringar med høg verdiskaping og sysselsetting, samtidig som me legg til rette for reiseliv, opplevingar og kultur. Dette skal legga grunnlaget for attraktivitet, auka omstillingsevne og gjera oss betre rusta til å handtera framtidige kriser.

Med hovudutfordringar og moglegheiter som bakgrunn, skisserer strategien områda me skal satsa på og kva måtar me skal gjera det på:

### **Tre satsingsområde**


Tar utgangspunkt i dei særlege konkurransefortrinna me har på Jæren.  
Desse gjev det beste grunnlaget for omstilling og vidareutvikling.

### **Fem strategiske grep**

Utgjer kommunen si verktøykasse, og er kommunen sitt bidrag til å vidareutvikla og styrka næringslivet på Jæren.

Konkrete tiltak og aktivitetar vert beskrivne i handlingsplanar på eit seinare tidspunkt, enten felles eller på kommunenivå.

Strategien gjeld uavhengig av type arbeidsplassar og bransje, men kommunane vil prioritera sat-singar innanfor landbruk og matproduksjon, industri og teknologi og reiseliv og opplevingar.




## Satsingsområde

### Landbruk og matproduksjon

Jæren er leiande på landbruk i landet. Jordsmønns og klima gjev regionen nokre av dei mest produktive landbruksområda i Norge. Produksjonen skjer i relativt stor skala og med høg intensitet, men med lite innslag av plantevernmiddel eller antibiotika i husdyrproduksjonen. Samtidig har ein med grunnlag i lysforhold, klima og kompetanse bygd opp eit konkurransesfortrinn for gartnardrift i veksthus.

Det er potensial til å auka verdiskapinga, styrka verdikjeder, auka utnyttinga av ressursar og utvikla og foredla produkt baserte på gode, lokale råvarer. Kvalitetsmat frå Jæren kan styrkast som merkevare.

Samtidig gjev eit aktivt landbruk ringverknadar til eit breitt sett av andre næringar, og det foregår ei utstrekkt teknologiutvikling i bedriftene på Jæren i samarbeid med jærske bønder. Dette gjev eit stort potensial for utvikling og produksjon av produkt og tenester til landbruket både nasjonalt og globalt.




## Satsingsområde

### Industri og teknologi

Jæren har ein unik kunnskapsbase innan industri og teknologi. Kompetansen kan bidra til å utvikla nye produkt og til å styrka marknadsposisjonen. Vidareutvikling ved hjelp av digitalisering, automatisering, robotisering og künstig intelligens kan bidra til å utvikla nye attraktive og berekraftige arbeidsplassar.

Regionen har bygd opp ein unik kompetanse gjennom 50 år med olje- og gassnæring, kombinert med lange tradisjonar innan kraftproduksjon og mekanisk industri. Som resultat av dette har me eit unikt næringsliv, bedrifts- og kompetanseklynger, samt kunnskapsmiljø som utviklar teknologi over eit breitt spekter.

Denne kompetansen kan bidra til å løysa globale utfordringar innan klima, helse, demografi, energi og berekraft, samt opna nye marknader for lokalt næringsliv. Fleire av bedriftene har høg verdiskaping med eit stort vekstpotensial.



## Satsingsområde

### Reiseliv og opplevelingar

Ifølge reiselivsselskapet Region Stavanger viser besøksrekordar etter pandemien potensialet Jæren har for auka vekst og verdiskaping. Det er venta at heile Fjord-Norge vil oppleva vekst dei neste åra. Det er eit uforløyst potensial i å kopla merkevara Jæren opp mot den regionale merkevara for reiselivsmarknadsføring, "Edge of Norway". Dette er inngangen til overordna marknadsføring i regi av blant anna Visit Norway.

Jæren kan tilby kulturlandskap og strender i verdsklasse med kort veg frå Stavanger, Sola flyplass og nokre av dei største attraksjonane i landet som Lysefjorden og Prekestolen.

Infrastrukturen elles er også god, med togsamband og den nasjonale turistvegen Nordsjøvegen. Dette gjer det mogleg å kombinera byliv og kulturopplevelingar med naturopplevelingar, agroturisme og "adventure-turisme" knytt til strender, hav og vakkert kulturlandskap på Jæren.

Vidareutvikling av tilbodet til turistar og tilreisande vil også kunna styrka opplevelingar og kvalitetar for dei som allereie bur i dei tre kommunane, og bidra til profilering for tilflyttarar og arbeidstakrar som bedriftene på Jæren treng. Ved å breia ut turistsesongen skapar ein eit betre økonomisk grunnlag for kulturliv og opplevelingar i kommunane, til glede for både innbyggjarar og tilreisande gjennom heile året. Gode føresetnadar og tilrettelagt infrastruktur kan stimulera til berekraftig turisme basert på naturlege og historiske fortrinn.



## Strategiske grep

### Samarbeid

Velfungerande regionale økosystem for innovasjon og samarbeid er avgjerande for vekstevna og konkurransekrafta til næringslivet i regionen. Kommunane må derfor bidra til å legga til rette for eit godt samarbeid mellom offentlege aktørar, kulturaktørar, organisasjonar og næringsliv.

### Slik gjer me det

- *Me er positive og aktive partnarar for bedrifter og andre aktørar som ønsker samarbeid.*
- *Me legg til rette for samarbeid om målretta og tidsavgrensa prosjekt innanfor satsingsområda.*
- *Me har tett dialog med næringsforeiningar, klynger og andre aktørar for å få oppdatert informasjon om utfordringar og moglegheiter næringslivet står overfor.*
- *Me skapar møteplassar for å legga til rette for eit breiare samarbeid mellom bedrifter på Jæren.*
- *Me utviklar og er pådrivarar for eit godt regionalt samarbeid, også utover Jæren.*



## Strategiske grep

### Vertskap

Kommunar som lykkast med næringsutvikling er tett på næringslivet, snur seg raskt og sørger for kort veg mellom idé og handling. Kommunane må legga godt til rette i det kommunale planverket og ha eit høgt servicenivå, både for eksisterande bedrifter og for dei som ønsker å etablera seg.

### Slik gjer me det

- *Me er proaktive for å vidareutvikla eksisterande næringsliv og bidra til nye etableringar.*
- *Me er tilgjengelege og lette å koma i kontakt med.*
- *Me fører ein føreseieleg næringspolitikk og saksbehandling.*
- *Me har godt kjennskap til lokalt næringsliv og forstår skiftande utfordringar og behov.*
- *Me samarbeider tett med, og er døropnarar overfor, det næringsretta verkemiddelapparatet.*



## Strategiske grep

### Areal og infrastruktur

Areal er ein avgrensa ressurs på Jæren, men næringslivet har òg behov for areal for å utvikla seg vidare. Slik utbygging legg press på natur- og landbruksareal og eksisterande og nye næringsareal må derfor nyttast svært godt. Samtidig er infrastrukturen som knyter regionen saman til tider sprengt. Det er derfor behov for eit tettare samarbeid og felles forståing når det kjem til arealutvikling og utvikling av infrastruktur på Jæren.

### Slik gjer me det

- *Me har god oversikt over tilstand og tilgang på næringsareal i kommunane.*
- *Me samarbeider tett om tilrettelegging av næringsareal på tvers av kommunegrensene, der det vert minst mogleg konflikt med jordvern.*
- *Me samarbeider tettare om å løfta viktige felles infrastrukturprosjekt. Me bidreg til vidareutvikling og auka utnytting av dagens næringsareal.*
- *Me har planar som følger utviklinga og legg til rette for gode rammevilkår og attraktive næringsareal.*



## Strategiske grep

### Kompetanse

Innbyggjarane sin kompetanse er den viktigaste ressursen i regionen og grunnlag for velferd, vekst, verdiskaping og berekraft. Utvikling av, og tilgang til, relevant kompetanse er avgjerande for konkurranse- og omstillingsevne. Universitetet i Stavanger, forskingsmiljøa og klyngene speler ei særleg viktig rolle for kompetanse- og næringsutvikling i regionen. Samtidig er me avhengige av å trekka til oss kompetanse utanfrå, henta heim studentar og andre som reiser ut, og å arbeida for å inkludera dei som av ulike grunnar står i fare for eller har falle utanfor arbeidslivet.

### Slik gjer me det

- *Me viser kva me har å tilby av spennande arbeidsplassar til dei som studerer i regionen, utanfor regionen og utanlands.*
- *Me støttar opp om å gjera Stavangerregionen meir ettertrakta for studentar og forsking.*
- *Me koplar lokale bedrifter tettare på yrkesfagopplæringa og universitetet for å avdekka skiftande behov, og bidra til at utdanningane som vert tilbydde er relevante.*
- *Me samarbeider med lokale aktørar for å skaffa fleire lærebedrifter i privat sektor.*
- *Me skaper arenaer for å betra samarbeidet mellom bedrifter, skule, helsetenester og NAV med mål om å få fleire inn i arbeidslivet.*



## Strategiske grep

### Attraktivitet

Jæren skal vera ein magnet for næringsliv, kapital og kompetanse. Me skal trekka til oss bedrifter, arbeidstakrar og innbyggjarar, og sørga for at flest mogleg har ein jobb å gå til. Då er både bustad, utdanning, kunst- og kulturopplevingar og friluftsområde viktige element.

### Slik gjer me det

- *Me styrkar og bruker merkevara "Jæren" som matregion, bustadregion, destinasjon og testarena for nye idear i industrien.*
- *Me jobbar aktivt med å profilera stendene og gode moglegheiter for friluftsliv som eit føretrekt mål for reise og opplevingar, for lokale og tilreisande.*
- *Me ser på reiseliv, utvikling av stader og sentrum og bustadattraktivitet i samanheng.*
- *Me samarbeider tett med bedrifter, utdanningsstadar og regionale aktørar for å løfta attraktiveten til regionen samla sett.*
- *Me jobbar aktivt saman med næringslivet for å løfta fram jærsk gründerånd og problemloysingsevne, og gjennom dette trekka kapital og investeringar til regionen.*

